

Årsmelding frå ungdomsutvalet 2016

Ungdomsutvalet har i år bestått av Kåre Vidringstad, Geir Stølen, Kristin S. Øksendal og leiar Siv Tone Rossevatn. Oddvar Nordfond og Hans Fredrik vatnedal er varamedlemmar. I løpet av 2016 har det vore eit planleggingsmøte sammen med utdanningskontakt og samlagsinstruktører. Utover dette har telefon og e-post vore nytta.

I mars var Siv Tone og Oddvar på årsmøtet i VABUR, dette fant sted i Kristiansand. Slik som tidlegare år vart det også i 2016 søkt om støtte frå VAUR. I år fekk ungdomsutvalet 20 100 kr i midlar frå VABUR.

15 meter

Sidan 15 meter karusellen går over 2 ulike meldingsår blir det her resultata frå 2015 karusellen som blir tatt med. I karusellen for 2015 var det 41 ungdomsskyttarar som deltok på minst eit stemne, 23 av desse var på nok stemner til å fullføre karusellen. Det har med det vore ei lita auke sidan 2014 både i antal som deltek og som fullfører. Aspirantar er ikkje reikna med i desse tala. Martias Flikka (Flikka) vant kl R, Martin Eiken (Øvre Eiken) vant kl ER og Alvilde Røiseland (Holum) vant kl J.

Samlagsstemnet 15 meter vart i år arrangert av Kvinesdal skytterlag. Det var her veldig god oppslutting i aspirantklassen med heile 19 deltakarar, og dermed vart denne klassen største klasse under stemnet. Noko som er svært gledelig. Langt færre deltakarar var det i R som kunne hadde 4. 12 deltok i ER og 9 i J. Marianne Rossevatn (Øvre Eiken) vant kl R med 344p. I eldre rekruit måtte det teljast på sentrumane for å avgjere vinnaren, vinnaren vart Martias Flikka (Flikka) med 346p. Juniorklassen vart vunne av Marius Rinde (Farsund) med 347p. Gøy var det også at 1. års senior Sindre Skoie (Holum) slo til med finaleplass, han ende tilslutt på 340p og var bare sentrum unna medalje.

Også i år var det kort reiseveg til Sørlandskretsmeisterskapet innandørs. Total deltok 23 skyttarar frå Vest-Agder fordelt på dei ulike ungdomsklassane. Det vart ingen klasseseiarar, men i eldre rekruit vart det 2 .plass til Martias Flikka (Flikka), og delt 3.plass til Sigve Vidringstad (Lyngdal) Martin Eiken (Holum). Alle hadde 347 poeng.

Felt

Vinnarane av feltkrusellen i R, ER og J kom alle frå Holum skytterlag. Det var Mina Wårøy Møll i R, Jane Alise Eilertsen i ER og Karen Sodeland Øksendal i Junior. I junior var det kun Karen som fullførte karusellen. Totalt var det 9 skyttarar som fullførte karusellen, og 19 som deltok. Gledelig er det at det er fleire skyttarar enn i fjor som har delteke på eit feltstemne, noko færre har fullført.

Det ser ut til at skyttarane i Rekrutt klassen likar felt, det er dei same 4 som deltok på samlagsstemnet 15m som også deltok på samlagstemnet felt. Denne gongen vart det Mina Wårøy Møll (Holum) som var best. Eldre rekruit vart vunne av Jonas Sodeland Øksendal (Holum) . Marius Rinde (Farsund) sikra at Holum ikkje dominerte totalt i ungdomsklassane. Alle vinnarane hadde 42 treff, så det er tydeligvis fullt hus som gjelder. Det var totalt 15 skyttarar i R, ER og J noe som er litt færre enn i fjor. Positivt er det likevel at det er fleire som deltok på samlagstemnet enn det vart som fullførte karusellen. Ein mogleg samanheng kan vere at samlagsstemnet var arrangert midt i april, mens karusellen starta i kaldt vinterver i februar.

Landsdelskretsstemnet dette året føregjekk i Mælum i Telemark. Tross lang reiseveg var det 9 ungdomsskyttarar som tok turen. Av resultat nemner vi 4. plassen i ER til Jane Alise Eilertsen (Holum). Og ikkje minst 2. plassen til Marius Rinde (Farsund) i Juniorklassen. Han var i omskyting om 1. plassen.

Bane

I årets banekarusell var det 32 skyttarar som deltok, 19 av desse hadde mange nok stemner til å fullføre karusellen. Dette er omlag same antal som i 2015. Rekruttklassen vart vunne av Christian Rinde (Farsund). Martias Flikka (Flikka) vant eldre rekrutt og Elias Breiland Hetland (Farsund) vant junior. Fleire av fjorårets juniorer har gjort det godt også som seniorar. Klasse 3 vart dominert av 1. års senior Benedikte Dragland (Lyngdal) og Sindre Skoie (Holum), og i kl 4 var Alvilde Røiseland (Holum) med i toppen. Det er flott å sjå skyttarar som taklar overgangen frå junior til senior så bra.

Landsdelskretsstemnet fant stad i Lyngdal. Årets stevne inneholdt meir spenning enn arrangøren hadde håpa på. Då toreveret kom å slo ut skivene midt under innleiande skyting laurdag. Etter formidabel innsats av arrangøren kom anlegget på gong igjen og stemnet kunne gjennomførast. Christian Rinde (Farsund) vant med 242p, Marianne Rossevatn (Øvre Eiken) på 3. med 340p og Mina Wårøy Møll (Holum) på 4.plass også 340p. Martias Flikka (Flikka) vart nr 3 i ER med 349p.

Samlagstemnet bane vart arrangert av Heddeland og Breland skytterlag. 25 ungdomsskyttarar inkl aspirant deltok. Marianne Rossevatn (Øvre Eiken) vant kl R med 344p. I eldre rekrutt var nivået skyhøgt, heile 30 % av skyttarane hadde 250p etter innleiande skyting. I finalen skaut både Martias Flikka (Flikka) og Sigve Vidringstad (Lyngdal) 100, dermed måtte ei spennande omskyting til for å avgjere 1. plassen i ER. Etter omskytinga vart det avgjort at Martias vant. Sigve kom på 2. plass, også han med 350p. Martin Eiken kom på 3. plass med 349 p. Junior vart igjen vunne av Marius Rinde (Farsund) med 349p. Med desse vinnarane fekk vi ein reprise frå samlagstemnet 15 m. Marius har dessutan vore uslåelig på årets samlagsstemner, han har vunne samlagstemnet bane, felt og 15m. På lagskytinga var det 5 lag som deltok fordelt på 4 ulike skyttarlag.

Sjølv om årets landsskyttarstemne vart arrangert så langt nord som Målselv hindra ikkje dette fleire av samlagets ungdommar i å delta. Fleire a ungdommane var i bane og feltfinalar. Best uttelling fekk Martias Flikka (Flikka). Etter 3 omskytingar som alle ende med 100p vart det klart at han kom på ei sterkt 3 plass i baneskytinga for eldre rekrutt med 350p. I etterkvant av LS deltok ungdomsleiaren på vegne av ungdomsutvalet og samlagstyret på ei tilstelling på Flikka i forbindelse med lagets gode prestasjoner.

Det har også vore arrangert samlagsstemne i skogsløp. 5 ungdommar deltok. Konkuransen viste at det slettes ikkje er så enkelt å treffe blink med høg puls. Derfor er der ikkje nødvendigvis den so til vanlig er best til å skyte som vinn. Oppfordrer derfor endå fleire til å vere med på denne konkurransen neste år.

Samlingar og turar:

I år har det vore ganske labert på samlingsfronten. Men noe har vi fått til i år også. Ungdomsutvalet arrangerte felles tur til ungdomstevnet i Numedal. Det var 10 ungdommar + vaksne som reise austover. Vi hadde ei flott helg med masse moro, også utanom skytinga. Det kan nemnes fotballkampen mellom Vest-Agder og Agder. Som i grunnen beviste det klart og tydlig at dei fleste er meir treffsikre med sauaren enn med høgre beinet. Underhaldningsmessig må ein seie denne

kampen var ein 10,9 sjølv om Vest-Agder tapte. Utover dette var det ei samling med feltskyting i fokus. Som tidligare år fann denne stad i juli på Holum sin bane.

Samlagsskytingar

Samlaget har stilt med lag til samlagsskytingane ved 3 anledningar, Landsdelskretsstevnet, LS og Agderstevnet. Under samlagsskytinga på landsdelskretsstevne kom beste Vest-Agder lag på 5 plass. Tross denne plasseringa hadde Vest-Agder dei 2 beste individuelle resultata. Dette sto Malin Wårøy Møll og Martias Flikka for. Under LS skaut ungdommen seg til 11. plass. På Agderstevnet var Vest-Agder best i år som i fjor. Med på vinnarlaget var Malin Wårøy Møll (Holum), Mina Wårøy Møll (Holum), Sigve Vidringstad (Lyngdal) og Espen Elias Vigemyr (Heddeland og Breland). Samlaget har stilt med 2 lag på dei stemna dette er mogleg.

350-klubben

I år har nye medlemmer av 350-klubben nærmast komme på løpende band. Vest-Agder har fått heile 5 nye medlemmer i løpet av året. Det er Malin Wårøy Møll (Holum) og Ole Nysted (Farsund) som klarte det i eldre rekrutt. Mens Karen Sodeland Øksendal (Holum), Marius Rinde (Farsund) og Elias Breiland Hetland (Farsund) klarte det i Junior. Gratulerer så mye.

Takk

Det har vore eit år som har skapt mange gode minner og gode resultat. Dei gode resultat kjem som følgje av god jobbing rundt om i skyttarlaga. Det er ute i skyttarlaga nye ungdom blir rekrytert til skytersporten og det er der grunnlaget blir lagt. Ungdomsutvalet i samlaget er med på å legge tilrette for at ungdommen kan bli betre kjent på tvers av skyttarlaga. Samt utvikle seg vidare. For å få til turar og samlingar er vi avhengige av foreldre eller andre voksne som villig stiller opp. Ønsker derfor rette ein stor takk foreldre og leiarar rundt om i skyttarlaga. Slik som tidligare år ser ein også i år at aktiviteten er størst innandørs. Vidare ser ein at det går opp og ned ifht kva skytterlag som har mange ungdomsskyttarar. Men antalet som deltek på stemner innandørs er ganske stabil.

Undertegnede vil benytte anledninga til å takke for 4 fine år som ungdomsleiar for den flotte gjengen vi har i samlaget. Ønsker med dette den nye leiaren lykke til med arbeidet for ungdommen i samlaget.

Ungdomsutvalet ved leiar

Siv Tone Rossevætn